

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kontrollutvalet
Askedalen 2

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved
fylkesrådmannen

6863 LEIKANGER

REVISORBREV 03 – 2016

På bakgrunn av gjennomført revisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2015 inklusive årsoppgjersrevisjon, ser vi det som tenleg for fylkeskommunen og i samsvar med god kommunal revisjonsskikk å kome med ei oppsummering av dei feil og manglar revisjonen har avdekket. Vi vil og påpeika at fylkeskommunen er pliktig å ha gode interne kontrollrutinar på alle viktige område, og at ansvaret ligg hos den administrative leiinga i fylkeskommunen, jf. kl. § 23, 2.ledd.

SF revisjon IKS har som Dykk kjenner til gjeve ei revisjonsmelding utan atterhald eller andre merknadar for rekneskapsåret 2015. Vi har i revisjonsmeldinga stadfesta at rekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk. I dette brevet vil vi ta opp dei feil og manglar som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapen sin heilskap, men som er av ein slik karakter/storleik at vi meiner det er viktig at leiinga i fylkeskommunen vert gjort kjent med dei. Vidare er det tenkt som eit utgangspunkt for administrasjonen i fylkeskommunen til å setje i verk tiltak for å betre på rutinar og prosedyrar knytt til økonomi, løn og rekneskap.

Heimelen for at vi utarbeider dette nummererte revisorbrevet er § 4 i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at dei tilhøva som revisjonen har peika på vert følgde opp av fylkeskommunen – jf. § 8 i forskrift om Kontrollutval i kommuner og fylkeskommuner. Vi vil følgja opp dei einskilde punkta i brevet og halda kontrollutvalet orientert om status i oppfølginga.

1. Årsmelding 2015

I følgje Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner; § 5,5.ledd nr 3 skal revisor uttale seg om opplysningane i årsmeldinga er konsistente med årsrekneskapet.

I Årsrapporten 2015 blir fylkeskommunens rekneskap for 2015 presentert frå side 15 til 23. Økonomisk oversikt drift (s.15 i Årsrapporten) er ikkje stilt opp på same måte som skjema Økonomisk oversikt drift er presentert i årsrekneskapen for 2015.

	Årsrekneskap 2015	Årsrapport 2015	Avvik
Sum driftsinntekter	3032,3 mill	3069,6 mill	37,3 mill
Sum driftsutgifter	2925,8 mill	2745,4 mill	180,4 mill
Brutto driftsresultat	106,5 mill	324,2 mill	217,7 mill

Sjølvs om avvika er forklart i note og tekst i Årsrapporten fører denne måten å presentere rekneskapen på i Årsrapporten til at Brutto driftsresultat vert presentert med to forskjellige beløp i to sentrale dokument; i årsrekneskapen for 2015 er Brutto driftsresultat 106,5 mill og i årsrapporten for 2015 er Brutto driftsresultat 324,2 mill. I Forskrift om årsregnskaper og årsberetning § 4 er det gjort greie for krava om korleis Dei økonomiske oversiktene skal stilles opp i rekneskapen med vising til vedlegg 4 og 5 i forskrifta. I Årsrekneskapen for 2015 er Økonomiske oversikter drift stilt opp i samsvar med krava i forskrifta.

Det er i årsrapporten ikkje gjort greie for at oppstillinga i Årsrapporten ikkje er stilt opp i samsvar med Årsrekneskapen/forskrifta eller kvifor det er gjort. Vi har påpeikt avvika mellom årsrekneskapen og årsrapporten overfor leiinga over fleire år utan å nå fram. På bakgrunn av det har vi valt å ta det med i årets revisorbrev.

2. Revisorbrev 02/2015

I tilsvarande brev etter gjennomført revisjon for rekneskapsåret 2014 tok vi opp nokre forhold som vi meinte burde rettast/følgjast opp av administrasjonen. Vi har i samband med årsoppgjersrevisjon føljt opp alle forholda i brevet. Det er fortsatt nokre manglar/avvik som må følgjast opp.

3. Avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkane og dei vidaregåande skulane

Vi syner til Revisorbrev tidlegare år der vi har påpeikt mangelfulle rutinar ved avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar

Ved gjennomgang av dokumentasjonen av balansepostane pr. 31.12.2015 finn vi framleis ein del mangelfulle avstemmingar.

Vi besøkte i januar 2016 to vidaregåande skular for å sjå nærare på skulens interne kontrollrutinar med fokus på løn, innkjøp og kasse/bank. Kontrollen avdekkar både avvik og mangelfulle rutinar når det gjeld teljing og oppfølging av kassene i kantinane. For å redusere risikoen for misseligheit er det viktig å ha gode rutinar på området og at avvik vert føljt opp.

Vi ser det som viktig at fylkeskommunen fortset sitt arbeide med å betra rutinane på området.

4. Føring av anleggsregister

I tidlegare revisorbrev skreiv vi:

I samsvar med tidlegare praksis er enkelte mindre investeringar som inventar og maskiner og utstyr slegne saman for kvar år. Til dømes «opplæringsutstyr 2011», «tannhelseutstyr 2011» og «Brannvern 2011», og på same måte er alle veginvesteringane for 2011 ført opp i ein post.

Rekneskapsforskrifta § 8 og KRS 9 om nedskriving, krev at det ved kvart årsskifte skal vurderast om anleggsmiddelet har hatt eit verdifall som ikkje er forbigåande og i tilfelle skal verdien nedskrivast til verkeleg verdi. Eksempel på slik varig verdinedgang kan vera brann. Dersom det er brann ved ein skule er det vanskelig å fastsetta kva verdi inventaret står bokført med og som skal ned skrivast til 0.

For mindre inventar som ikkje enkeltvis har ein vesentlig verdi opnar KRS 4 for at fellesanskaffingar som inngår i et samla system med same bruksformål kan i forhold til vesentlig grensa sjåast som eit driftsmiddel. Det betyr at inventar innkjøpt til ein skule eller ein tannklinikk kan sjåast på som ein anskaffing.


Vi har, på bakgrunn av tidlegare års merknader i revisorbrev vedr. Anleggsregisteret og rutinane rundt det, gjort ei ny vurdering. Etter vår gjennomgang og vurdering av Anleggsregisteret og årets aktivering, meiner vi at anleggsmidlane eksisterer. Det er gjort forbetringar, men har fortsatt noko igjen på Tannhelsetenesta. Vi vil foreslå at fylkeskommunen fortsetter sitt arbeid med å få til eit anleggsregister som gir tilstrekkeleg opplysningar i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr 9.

5. Bundne fond og renter

I samsvar med vilkåra for spelemidlar har fylkeskommunen oppretta eigen bankkonti for midlane og til vanleg vert renteinntekter knytt til midlane overført til bankkontoen for spelemidlane ved årets slutt. Fylkeskommunen har ikkje overført renteinntekter på samla kr 727 554,- som tilhøyrar spelemidlane til bankkontoen per 31.12.2015 i samsvar med vilkåra.

Vi vil foreslå at fylkeskommunen endrar sine rutinar på området slik at rentene knytt til spelemidlar kjem inn på rett bankkonto ved årets slutt.


Marianne Vara
Ansvarleg revisor


Ingvar Linde
revisor